

ÅRSMELDING

2021



BUL
ERVINGEN
BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN

Innhald

1	1. Innleiing	3
2	2. Folkedans.....	3
3	a) Vaksne	3
4	b) Ungdom	4
5	c) Born.....	4
6	3. Folkemusikk	5
7	a) Gimlingane	5
8	b) Audhilds	5
9	c) Juniorspelemannslaget	6
10	d) Dragegjengen	7
11	4. Song.....	8
12	a) Kor e' tonen.....	8
13	b) Kvedargruppa	10
14	c) Småkvedarane.....	10
15	5. Melding frå Selsvikklubben	10
16	6. Lagsstyret	10
17	7. Melding frå Rådet.....	11
18	8. Dugnad.....	11
19	9. Samarbeid med andre	12
20	10. Eigedom.....	13
21	a) Lagshusa.....	13
22	b) Hytta.....	13
23	11. Fonds- og eigedomsstyret	13
24	12. Medlemstal.....	14
25	13. Kontor og tilsette.....	15
26	14. Heiderslagsfolk.....	15
27	15. Gåver, helsingar og minne.....	15
28	16. Oversikt over tillitsvalde.....	15
29	17. Lagsmøte, festar og eigne tilskipingar	17
30	18. Utsendingar, representasjon og samarbeid	20

31 1. Innleiing

32 Året 2021 er ved veggens ende, og heller ikkje dette året vart slik vi håpa på med tanke på
33 aktivitet og samlingar. Vårsemesteret var prega av «meteren» og heller få øvingar, i alle
34 fall for dei vaksne. Gledeleg var det då at barna kunne møtast til øving! Årsmøtet i
35 februar vart gjennomført digitalt, og vi må sei oss nøgde med både deltakartal og
36 gjennomføring. Nokre månadar seinare vart òg rebusløpet gjennomført digitalt, slik som
37 i 2020. I mellomtida hadde eit lag frå Bul Ervingen delteke i Kven veit?, noko som førde
38 til 3. plass i konkurransen. Digital quiz vart det òg på 17. mai.

39 I 2021 var det 125 år sidan Noregs ungdomslag vart stifta. Bergen ungdomslag Ervingen
40 markerte dette både på stiftingsdagen, 12. juli, og med ei jubileumshelg i oktober. På
41 stiftingsdagen samla det seg ein gjeng på hytta på Eidsholmen til grilling og kjekt
42 samvær. Under jubileumshelga i oktober vart det gjennomført kurs i song, dans og spel,
43 samt konsert, dansekveld og bingo.

44 Under Hordakappleiken i haust gjorde Bergen ungdomslag Ervingen det sterkt, og
45 spesielt juniorspelemannslaget hadde mange deltakarar her. I løpet av hausten har både
46 barnelaget, måndagsringen og onsdagsringen bidrege med innslag til «dansegilde», eit
47 prosjekt av Hardingfela.no.

48 Hausten 2021 gjekk vår kjære Knut av med pensjon. Knut vart gjort stor stas på under
49 julelagsmøtet i desember. Det var kjekt å endeleg kunne samlast til framsyningar, graut,
50 årsal og song. Vi takkar Knut for den enorme innsatsen han har gjort for laget og
51 lagshuset, og vi ynskjer Linda hjarteleg velkommen til oss!

52 Styret vil med dette takke alle instruktørar, spelemenn, tillitsvalde, tilsette og
53 dugnadsfolk for året 2021. De gjer ein fantastisk jobb for store og små i laget. Vi vil òg
54 helse til alle medlemmar og håpar på mykje aktivitet i 2022.

55 2. Folkedans

56 a) Vaksne

57 Faste øvingar

58 Våren 2021 var prega av nedstenging og avlyste danseøvingar. Etterkvart vart det
59 likevel råd å ha øvingar med avstand, og i haust var det endeleg lov til å danse saman
60 igjen! Folkedanslaget er svært glade for at ein igjen kan ha danseøvingar!
61 Måndagsringen har hausten 2021 hatt øvingar kvar måndag. I starten dansa ein mest ein
62 og ein, men utover hausten vart det meir samdans. Ein fekk til og med hatt hyggekveld
63 igjen! Folkedans for senior har ikkje hatt øvingar i 2021. Då det endeleg vart lov med
64 dans igjen, var det svært vanskeleg å finne instruktørar til å ha øvingane. Folkedanslaget
65 har ikkje lukkast med å finne nokon til å ha øvingane for folkedans for senior, og har òg
66 jobba hardt for å finne nok instruktørar til måndagsringen. Onsdagsringen starta våren

67 med tur rundt Store Lungegårdsvann, og avslutta med hyttetur på Eidsholmen saman
68 med Audhilds i juni. I juni dansa onsdagsringen på “Aldringsfestivalen” her i Bergen.
69 Gjennom haustsemesteret har ein hatt danseøvingar som normalt. Både måndagsringen
70 og onsdagsringen har i løpet av hausten 2021 sendt inn bidrag til prosjektet
71 “Danseglede” av Hardingfela.no. Filmen kan du sjå på YouTube. Vi takkar alle våre
72 sporty dansarar for bidraget!

73 Vi vil takke instruktørar og spelemenn for innsatsen i 2021.

74 Festar og kurs

75 Hausten 2021 vart det gjennomført kulturnatt og jubileumshelg for NU. Under
76 kulturnatta vart dansen gjort om til konsert og quiz, men på jubileumshelga vart det
77 gjennomført både dansekurs og dansekveld.

78 Organisasjon

79 I 2021 har Marit Kvamen vore leiar i folkedanslaget. Gunn Inger Sture, Ingeborg Nilsen,
80 Stig Indrebø og Sverre Sundvor har vore medlemmar av styret. Styret har i løpet av året
81 hatt seks møte.

82 Takk til Gro som hjelper til!

83 b) Ungdom

84 I 2021 har det ikkje vore aktivitet i ungdomsringen til BulE. Medleamar hor vore med på
85 Bygda dansar-samlingar og laget har vore lokal tilskipar av nokre samlingar og kurs for
86 Bygda dansar.

87 c) Born

88 Takka vera skjerming av dei yngste, har barnelaget hatt eit år med ganske vanlig drift.

89 Vi har kunne gjennomføra dei fleste øvingar. Berre i 2-3 veker måtte vi stå over og den
90 siste nedstenginga av fritidsaktivitetar innandørs i mai løyste vi med to utandørs
91 øvingar i skolegarden til Christi Krybbe skole.

92 Vi gjennomførde hyttetur både om vinteren (dagstur) og hausten (med overnatting), og
93 hadde gode samlingar med dans, song, forming og uteaktivitetar. Familiefolkedansen om
94 vinteren hadde vi på Fløysletta saman med grilling. Med ekstramidlar frå Bergen
95 kommune hadde vi også sommarskule i juni, der vi også kunne kjøpa inn 3 kanoar for
96 midlane. Vi padla også kano på hytteturen om hausten. Barna ser veldig fram til desse
97 samlingane på Eidsholmen, der både barna og ein del av foreldregruppa får nyte eit godt
98 sosialt samvær. Instruktørane på hytteturen var Inga Myhr og Åsmund Nestås Øydvin
99 om våren, og Maria Toppe og Silja Solvang om hausten, medan Johanne Mjøs spelte på
100 begge turane. Instruktørane skipa for første gong til dansefest i november, der
101 barnelaget vart kjend og fekk dansa saman med vaksne frå onsdagsringen og
102 måndagsringen, med flott musikk frå Audhilds og Ida Marie Rognsvåg. Målet er å gjera

103 barna kjende med det store spekteret av aktivitetar som er i Bule, og med folk som fyller
104 laget med liv, musikk og dans.

105 Vi var heldige som rakk å gjennomføre både sommaravslutting på Koengen, og vere med
106 på julelagsmøte på Gimle. Barna var flinke til å syna fram kva dei har lært dette året! Og
107 vi må ikkje gløyme "*Danseglede*". Kanskje det var den største opplevinga i år: Å vera
108 med på filmen til "*Danseglede*". Barna hadde stor glede av å læra dansen, vera med på
109 filminnspeling og å syna den fram.

110 Per i dag har vi 22 barn i barnelaget fordelt på 3 grupper. Åsmund Nestås Øydvin og
111 Tora Persdotter Fjell er instruktørar for gruppe 1, Inga Myhr og Daniel Aarvik for
112 gruppe 2. Gruppe 3 øver med Gunn Inger Sture. Spelmenn har vore: Ida Marie Rognsvåg,
113 Johanna Mjeldheim, Levina Storåkeren, Irene Bjørke, Sindre Vatnehol, Kjersti K. Vågen,
114 samt ungdommar frå gr 3 i Juniorspelemannslaget som er under opplæring i dansespel.

115 Det pleier å begynne og slutte nokre barn i løpet av året. Tala på denne utskiftinga
116 verkar å halda seg noko lunde i balanse. Mest barn rekrutterer vi inn i gruppe 1 og 2. Her
117 kan det gjerne vera søsken og vener til barnelagsbarna som begynner. «Ta med en
118 venn»-øvingar, som vi også hadde to gonger i løpet av året, er framleis eit godt høve til å
119 marknadsføra barnelaget og å få inn nye barn. Vi ser ei auke i rekrutteringa frå familiar
120 med minoritetsbakgrunn, som marknadsfører tilbodet i sitt miljø, og tek med seg nye
121 familiar. Det er ei utvikling vi opplever som veldig kjekk.

122 Vi kan godt tenkja oss ei auke av talet på barn i gruppe 3. Difor vurderer vi å vera litt
123 meir fleksibel med aldersgrensene for denne gruppa. (fram til no 5.-7. klasse). Det vil
124 seie at gruppa skal ha høve til å ta inn litt yngre barn som har kome lengre i dansinga og
125 har lyst til å vere saman med dei eldre barna. Det gjev også meir handlingsrom for å
126 rekruttera nye barn i gruppe 2.

127 3.Folkemusikk

128 a) Gimlingane

129 Bergen ungdomslag Ervingen har ikkje hatt toradaraktivitet i 2021.

130 b) Audhilds

131 2021, har vore eit spennande år for Audhilds. Fram til april hadde vi digitale øvingar, og
132 fokus på slåttespel på nedstilt bass. For å kunna møtas på ein trygg måte, vart det skipa tur
133 til Fløyen. Grilling på Eidsholmen saman med dansarane avrunda vårhalvåret.

134 Hausten kom med fleire nye medleamar- og eit nytt instrument. Endeleg kunne vi møtas! Det har vore
135 godt oppmøte på i snitt 6-7 medleamar. Vi har også fått delta på fleire flotte tilskipingar utanom øvingane;
136 både spelt til dans for barnelaget, vore på kappleik, og på kurs i jubileumshelga der vi har lært turdansar
137 av Arve Berg og Rogalandsslåtter av Tuva Sunniva Bolstad.

138 Gjesteinstruktører gjennom året har vore Ingrid Standal Sørheim, og musikalsk leiar Irene
139 Bjørke. Med Irene har vi i haust øvd på program for det nye året som vi gler oss til å få vist
140 fram.

141 Juleavslutninga vår vart avlyst, men vi fekk heldigvis avslutta året på eit stemningsfullt
142 julelagsmøte.

143 c) Juniorspelemannslaget

144 Våren 2021

145 Elna Føleide Selle er musikalsk leiar for laget. Maria Toppe har trio/kvartett. Ida Marie
146 Rognsvåg har ei gruppe.

147 Medlemstalet i laget er 24 medlemmer.

148 Styret består nå av Mikko Mikonen, Vigdis Berg og Marianne Rønnestad

149 Våren 2021 vart dessverre ikkje så aktiv som vi hadde håpa på grunna covid-19. Det
150 skulle ha vore 9 måndagsøvingar.

151 -11.januar måndagsøving (avlyst grunna covid-19)

152 -25. januar solokonsert kl. 18-20

153 -30. januar Kursdag i regi av Osterøy spel -og dansarlag (avlyst grunna covid-19)

154 -5.-7. februar hyttetur til Kvamskogen (avlyst grunna covid-19)

155 -12. februar for trio / kvartett. Dansespel for bygda dansar, kl. 18-21 i Gimle

156 -14. mars intern sjokoladepålegg (inkludert aspirantar), lagspel, solospel, gruppespel

157 -23.-25. april. Kurs for laget på Eidsholmen, med gjesteinstruktør (avlyst grunna covid-
158 19)

159 -6. juni, Sommarkonsert med pizza, i Gimle.

160 -14. juni aspiranttreff for nye medlemmar haust 2021.

161 -9.-11. juli, Førdefestivalen.

162 Laget vart invitert til å spele på Førdefestivalen. Dette var ei utruleg kjekk oppleving for
163 laget, både musikalsk og sosialt. Dei hadde pop-opp konsert både på torgscena og i
164 Førdehuset. Det var festivalgudstjeneste på sundagen følgd av konsert på festplassen.

165

166 Hausten 2021

167 Elna Føleide Selle har permisjon frå si stilling som musikalsk leiar i laget dette skuleåret.

- 168 Det er Maria Toppe, Johanne Mjøs og Ida Marie Rognsvåg som står for undervisninga
169 dette året.
- 170 Laget veks stadig og medlemstalet går frå 24-31 medlemmer.
- 171 Det var 9 måndagsøvingar om hausten.
- 172 Laget er delt i 3 grupper under øvingane, i tillegg til samspel med 2 og 2 grupper.
- 173
- 174 -28. august oppstartseminar i Gimle
- 175 -30. august måndagsøving
- 176 -6. september øving for gruppe 1 og 2
- 177 -13. september øving for gruppe 3
- 178 -27. september måndagsøving
- 179 -4. oktober måndagsøving
- 180 -9. september Vestlandskappleik i Granvin. Laget vann lagspel junior og gruppespel
181 junior, og medleamar fekk 1., 2., 3. og 6. plass i c-klassen
- 182 -18. oktober måndagsøving
- 183 -22.-24. oktober jubileumshelg i Gimle med hardingfelekurs for gruppe 3
- 184 -1. november måndagsøving
- 185 -5.-7. november juniorsamling i Haus
- 186 -15. november øving med aspirantar
- 187 -22. november konsert med aspirantar, med påfølgjande av pizza og kake
- 188 -29. november øving for gruppe 1
- 189 -6. desember julelagsmøte der gruppe 1 spelte

190 d) Dragegjengen

- 191 Dragegjengen er eit rekrutteringsprosjekt som vart starta hausten 2015. I 2021 talde
192 Dragegjengen 21 barn og ungdommar. I 2021 har alle hatt individuell undervisning
193 anten i Bergen kulturskule eller gjennom BulE. Ida Marie Rognsvåg og Tori Helgheim
194 Grung sto for samspelundervisninga i vår, og i haust var dette Ida Marie Rognsvåg sitt
195 ansvar. Samspelundervisninga har me hatt i større og mindre grupper i Gimle. I tillegg har
196 me vore nøydd til å ha nokre digitale øvingar når koronaen var som verst.
- 197 Året starta godt med juletreff i Gimle. Her var fleire medleamar frå Dragegjengen med,
198 og fekk oppleve både juletrengang, song og nisse. Øvingar med Dragegjengen har i år vore

199 gjennomført ca. annankvar veke. Dragegjengen har spelt på fleire konsertar og andre
200 arrangement, både i regi av Dragegjengen sjølv og saman med juniorspelemannslaget.
201 Årets hending var CD-innspeling og CD-slepp. Me har arbeidd med CD-en sidan 2020, og
202 gleda var stor då me i juni 2021 endeleg fekk spelt ho inn i ein nyoppussa gymsal på
203 Krohnengen skole. I november 2021 vart det CD-slepp-konsert, med publikum og
204 premierfest. På CD-en spelte Dragegjengen inn både tradisjonelle slåttar, samt eit
205 tingingsverk som er skriven til Dragegjengen, kalla Dragar. Dragar er eit
206 sjangeroverskridande verk med både folkemusikkelement og samtidsmusikk, og knyter
207 tradisjonsmusikken saman med samtida. Til dette tingingsverket fekk Dragegjengen
208 tilskot frå Norsk kulturråd. Til CD-en vart det laga ei kunstbok med intervju av barna og
209 ungdomane, og historier om Dragegjengen. Denne er tilgjengeleg på marknaden og vert i
210 tillegg lagra i fire eksemplar ved Nasjonalbiblioteket. Heile CD-innspelingsprosessen var
211 profesjonell i alle ledd, frå innspeling til utgjeving. Utgjevinga er òg sendt til
212 Spellemannsprisen 2021, av plateselskapet ABC Tunes. I august vart Dragegjengen
213 intervjuet av Barn i byen, og rett før jul kom det ein reportasje i Dag og Tid som
214 kritikerroste utgjevinga. Fine pressemeldingar gjev inspirasjon og motivasjon til alle
215 barna.

216 Hausten 2021 vart Dragegjengen litt annleis. Sidan så mange barn har blitt med i
217 juniorspelemannslaget, vart Dragegjengen omgjort til å vere eit aspirantspelemannslag
218 for alle barn som spelar hardingfele i heile Bergen. Hausten 2021 var derfor litt spesiell -
219 med faste øvingar for aspirantspelemannslaget, samt nokre øvingar for "den gamle"
220 Dragegjengen før CD-slepp-konserten.

221 I oktober deltok mange barn frå Dragegjengen, aspirantspelemannslaget og
222 juniorspelemannslaget på vestlandskappleik i Granvin, noko som gjorde at
223 bergensarane hadde ei stor oppslutting på scena.

224 4.Song

225 a) Kor e' tonen

226 Aktiviteten i vårsemesteret 2021 var sterkt prega av Covid-19. Haustsemesteret 2021
227 vart heldigvis meir normalt, og koret rakk så vidt få gjennomført julekonsert med godt
228 oppmøte før ny smittetopp i desember 2021 førte til innstramingar.

229
230 Året byrja med ein del kanselleringar av øvingar, digitale øvingar og øvingar delt i ulike
231 oppdelingar for å halde talet på øvande songarar under dei til ei kvar tid gjeldande
232 grensene. I mars flytta me øvingane utandørs, og leigde lokalet Havrommet (tidl. HSD-
233 terminal) på Strandkaien. Dette vart eit mykje brukt øvingslokale for mange kor. Leiga
234 var svært rimeleg, fasilitetane var deretter. Havrommet har takoverbygg (mot regn),
235 men ikkje veggjar, og tel dermed som utandørs. Det var tidvis svært kaldt med
236 uteøvingar, som gav korte og effektive øvingar. Det vart halde ni øvingar ute, og ei øving
237 i Gimle mot slutten av semesteret under då meir romslege smitterestriksjonar.

238
239 Til semesterstart på hausten fekk koret gjennomført opptak av nokre nye songarar, men
240 spreidd over tre ulike prøvesyngingsdatoar, som var uheldig. Haustsemesteret gjekk
241 deretter relativt som normalt, fram til og heldigvis med julekonsert. Ei rekke
242 korsangarar fekk sitt første møte med Eidsholmen, då sosialkomiteen i koret skipa til
243 hyttetur for koret for første gang på ei årrekke.
244
245 Ei honorert framføring med 10-12 songarar på Det Vestnorske Teateret i desember
246 2021 vart diverre utsett til eit seinare høve grunna Covid-19.
247
248 **Hendingar og tilskipingar:**
249 14.06: Semi-spontan framføring på togstasjonen og sosial avslutning
250 på Kong Oscar Biljard.
251
252 10.09: Opptreden ved Paviljongen i Byparken i samband med Kulturnatt 2021. Stor åtgaum
253 frå både songarar og publikum.

254 23.10: Framføring på NU-jubileumshelg i Gimle.
255
256 9.11: Korkafé med Postens damekor Bergen
257
258 11.11: Framføring med mindre korgruppe i 75-årsdag, etter førespurnad. Dette førte til at
259 særlagsstyret i koret såg behov for å lage fast, kor-forankra prispolitikk for slike
260 førespurnader, som vil verte lagt fram for koret i plenum tidleg våren 2022.
261
262 05.12: Julekonsert, Domkirken med over 100 publikummarar og gode tilbakemeldingar til
263 koret.

264 6.12: Julelagsmøte
265
266 **Medlemsmasse:**
267 Medlemstalet heldt seg stabilt høgt og koret rekrutterer ikkje veldig aktivt, men tok
268 likevel inn nye medlemmar i august 2021 og vil gjennomføre to stemmeprøver i januar
269 2022 for to (eller kanskje tre) interessantar som har venta sidan tidleg hausten 2022.
270 Det har vore tilfredsstillande lite fråfall under pandemien.
271
272 Koret har i 2022 hatt totalt 53 medlemmer, eit fåtal i permisjon her medrekna.
273
274 **Planar for 2022**
275 Koret vonar å få til eit normalt vårsemester med kontinuitet i øvingane og musikalsk
276 utvikling. Ein semi-veldedig framføring på Domkirkehjemmet var planlagt i januar 2022,
277 men er utsett på ubestemt tid. Me vonar òg å halde kontakten med Det Vestnorske.
278
279 Koret har vedteke å reise på kor-tur til København i pinsehelga.

280 b) Kvedargruppa

281 Kvedargruppa har hatt øvingar kvar veke (tysdag) i Gimle dette året. Gruppa har 7
282 aktive medlemmar og oppmøtet har vore stabilt. Denne hausten har Eva Marie Toppe
283 vore innom som gjesteinstruktør. Instruktør for gruppa er Tora Fjeld.

284 c) Småkvedarane

285 Småkvedarane har øving annakvar tysdag i Gimle . Gruppa har 3 medlemmar og deltok i
286 2021 på sitt første julelagsmøte. Instruktør for gruppa er Tora Fjeld.

287 5. Melding frå Selsvikklubben

288 Aktiviteten har – som for alle grupper – vore minimal i dette andre korona-året. Vi er no
289 5 faste medlemmer. Vi har fått til tre formiddagstreff hausten 2021.

290 Selsvikklubben deltok på julemøtet i desember med utlodding, innkjøp av mat og pynt,
291 samt grautkoking. Laget stilte med mange aktive rørarar. Opplegget med to serveringar
292 skapte ekstra planleggingsarbeid, men det gjekk greit.

293 Selsvikklubben gav som vanleg kr. 6.000,- til vinstar til laget sitt medlemslotteri.
294 Lotterinemnda brukar pengane på gåvekort av ulik verdi.

295 Vi har også vore invitert til å delta i ei arbeidsgruppe om utsmykking i Gimle, der vi og
296 skulle sjå på kva som kan brukast av lagra gåver og bilete frå begge husa. Gruppa hadde
297 eit møte i september.

298 I styret har vore: Bente-Elisabeth Birkeland, Annbjørg Kyrkjebø og Eldbjørg Gunnarson.

299 6. Lagsstyret

300 Lagsstyret har etter årsmøtet i februar vore samansett av Renathe Nilsen, Marianne
301 Pedersen, Dag Inge Bøe, Irene Bjørke og Marit Kvamen. Marit Kvamen har vore leiar. I
302 tillegg har styret hatt god hjelp frå varaane Inga Myhr, Åshild Margrethe Østtveit Odeen
303 og Nina Blågestad.

304 Lagsstyret har hatt 11 styremøter og handsama 110 saker i løpet av året. Styret hadde
305 digitale styremøter i vår, medan møta i haust har vore fysiske. Samrådingmøtet i vår
306 vart bytta ut med e-post-innsending av datoar for hausten, medan samrådingmøtet i
307 haust vart gjennomført i Gimle. Hovudsakene var smittevern, julelagsmøtet og ny
308 vaktmeister i Gimle.

309 Lagsstyret har gjennomført digitalt årsmøte og 17. mai-markering. Kven veit vart
310 gjennomført i løpet av våren. I juli og i oktober inviterte lagsstyret til
311 jubileumsmarkering av NU, som vart 125 år i 2021. Julelagsmøtet i desember vart
312 gjennomført fysisk med god deltaking.

313 Kvar veke har informasjon frå laget til medlemmane vorte sendt ut gjennom
314 nyhendebrevet «Bodstikka». Informasjon om laget sine aktivitetar og hendingar har òg
315 vorte publisert på nettsida www.bergen.ungdomslag.no.

316 Laget nyttar elles Facebook og Instagram (brukarnamn: «bergen_ungdomslag_ervingen»
317 og #bulervingen) til å vise fram aktiviteten i laget, bleste komande hendingar og
318 kommunisere med medlemmar. Nokre særslag har eigne sider på Facebook. Viktig
319 informasjon frå desse sidene vert delt på hovudsida til laget.

320 7. Melding frå Rådet

321 Rådet har handsama årsmøtesaker i forkant av årsmøte. I etterkant av årsmøte har rådet
322 godkjent laget sin balanse for 2020.

323
324 Våren 2021 var lagstyret spurt om å overta arbeidsoppgåver frå Ervingen Kulturhus, då
325 dagleg leiar skulle gå av med pensjon. Fleire løysningar vart drøfta på møte mellom
326 lagsstyret, Fond- og eigedomsstyret, styret i Ervingen Kulturhus og rådet. For rådet har
327 det vore viktig å sikre at ein har drøfta saka grundig.

328
329 På fellesmøte med lagsstyret i mai og november har lagsstyret lagt fram sine idear for å
330 betre økonomien i laget. Her har rådet bidrege med innspel.

331
332 Rådet har diskutert utleige av Gimle med alkoholserving. Rådet meiner at utleige av
333 Gimle med alkoholserving er ein avgjersle som kan takast av Ervingen Kulturhus.

334
335 Rådet har også diskutert Noregs Ungdomslag sine lovendringsframlegg til landsmøte
336 2022. Me støttar lagstyret i at NU må halda fast på nynorsken, og at ein ikkje skal opne
337 opp for alkohol på sentrale tilskipingar.

338
339 Rådet har i 2021 hatt fylgjande møteaktivitet:
340 **29.jan, 20. april, 05.mai** (m/lagsstyret, Fonds- og eigedomsstyret og styret i Ervingen
341 Kulturhus), **20.mai** (åleine og med lagsstyret), **25.mai** (m/lagsstyret, Fonds- og
342 eigedomsstyret og styret i Ervingen Kulturhus), **31.mai, 07.juni** (m/Fonds- og
343 eigedomsstyret), **14.juni** (m/lagsleiar), **11.november** (m/lagsstyret).

344
345 Rekneskapsrapportar har vore vidaresendt til rådet, sameleis referata frå lagsstyremøta
346 i året.

347 8. Dugnad

348 2021 har synt at dugnadsanden framleis står sterkt i laget, med utallege nedlagde
349 arbeidstimar i særлага, og lags- og eigedomssytra med nemnder. I ei tid med
350 digitalisering for å oppretthalde medlemstilboda våre, har dugnadsfolk fått bryne seg litt
351 ekstra.

352 I 2021 vart det utført dugnad ved mange ulike høve:

- 353 - 17-maiquiz som lagsmedlemene kunne delta på digitalt
- 354 - Sommarskule for barn og unge på Eidsholmen
- 355 - Feiring av NU-jubileum hytta i juli
- 356 - Feiring av NU med jubileumshelg i oktober
- 357 - Dansefest for born, i november
- 358 - BULE har stilt med dugnadsfolk som vertsskap for Bygda dansar ved fleire høve
- 359 - Lokal tilskipar for temadag om bunad
- 360 - Bule-medlemar har også stilt opp på dugnad for å hjelpa til med rydding og låsing av
- 361 Gimle knytt til utleige for tilskipingar
- 362 - Julelagsmøte
- 363 - Barnelaget har dansa på Bylørddag i juli
- 364 - Folkedanslaget har også hatt danseoppdrag
- 365 - Koret har hatt ulike konsertoppdrag
- 366 - Hyttenemnda har jobba jamt og trutt med å vedlikehalda hytta
- 367 - Medlemslotteret
- 368 I samband med renovering av taket i Fensal har styret i Ervingen kulturhus, samt
- 369 lagsmedlemar lagt ned mange dugnadstimar.

370 9. Samarbeid med andre

- 371 Gjennom heile 2021 har Bygda Dansar Hordaland hatt eit godt samarbeid med oss i
- 372 Bergen ungdomslag Ervingen. Det har vore planlagt øvingshelger, øvingskveldar og
- 373 hytteturar. Grunna pandemien har ein del av planane vorte avlyst. Likevel har ein klart å
- 374 få til samlingar, og både før sommarferien, og i haustferien, var mange ungdommar
- 375 samla i Gimle til dans og moro. Bergen ungdomslag Ervingen har bidrege med
- 376 kjøkkenhjelp og danseførebilete på desse samlingane.
- 377 Laget har eit godt samarbeid med ei rekkje andre organisasjonar. Juniorspelemannslaget
- 378 vert framleis drive i samarbeid med Kulturskulen i Bergen. Samarbeidsavtalen mellom
- 379 laget og kulturskulen har blitt utvida, og Bergen kommune støttar tilbodet om
- 380 einskildundervisning i hardingfele for dei som ikkje får plass i kulturskulen.
- 381 Laget har samarbeidd med ein barnehage om undervisning i folkedans.
- 382 Prosjektet «Dragegjengen» ved Krohnengen skule tel omlag 20 barn. Desse har i
- 383 meldingsåret gitt ut ein cd.

384 Andre viktige samarbeidspartnarar er moderorganisasjonane våre Noregs Ungdomslag
385 og Noregs Mållag, Hordaland Ungdomslag, Hordaland Musikkråd, Norges Korforbund og
386 FolkOrg. Me samarbeider òg med Bergen kommune. Laget er medlem av
387 Amatørkulturrådet i Bergen, Bygdelagsnemndi og Vestlandske Teatersenter.

388 10. Eigedom

389 a) Lagshusa

390 Nær alle aktivitetar og øvingar i laget er i Gimle. Måndagsringen øver i Fensal.

391 Størsteparten av Fensal er leigd ut til Bergen internasjonale kultursenter (BIKS) via
392 Bergen kommune. Idrettslaget Gular, Bjørgvin husflidslag, Norges Kvinne- og
393 familieforbund, Bergen og Midthordland krets og Det felles innvandrarrådet i Hordaland
394 held også til i huset.

395 b) Hytta

396 Det har vore utført dugnad på hytta, med rydding i mai og plenslåing i juni / juli. Flaggstonga vart
397 lagt ned og rustpikka, grunna og måla i juni. Stig Vaular la ned mykje tid og arbeid i dette.

398 I løpet juni vart det rydda og laget kjøpte tre stk kanoar, og i juli vart det rydda og markert NU sitt
399 125-jubileum på hytta. I løpet av 2021 har me køyrd stolar og bord frå Gimle til hytta, og levert dei
400 gamle på BIR-stasjon. Om hausten vart det rydda rundt vedskjulet og montert lagringsplass til to av
401 kanoane. I tillegg til dei tre nye kanoane er også 30 redningsvestar og 12 padleårer tilgjengeleg på
402 hytta for dei som leiger. Barnelaget var på hytta i september og laga bål av mykje gamalt brennbart
403 skrot og buskas.

404 I november / desember hadde me ein malar på hytta, som malte alle soveromma. Det vart også
405 skaffa sofa frå finn.no og den gamle var demontert og køyrd til BIR-stasjon. Det har vore Stig Vaular
406 saman med Rigmor N. Vaular, Gro Vetås og Knut Malkenes som har utført det meste av dugnaden.

407 Varmepumpene på hytta har vore service på, og selskapet som monterte dei har endeleg gjort ferdig
408 jobben med montering.

409 I 2022 må det spylast og vaskast, samt målast utvendig på veggane. Til dette trengs stillas.

410 11. Fonds- og eigedomsstyret

411 Styret har hatt 2 elektroniske møte i 2021.

412 Dei viktigaste sakene for Fonds- og eigedomsstyret dette året var å sjå på ny
413 driftsmodell for Ervingen Kulturhus, og å vurdere samanslåing av selskapa Ervingen
414 Kulturhus AS og Ervingen Lagsbruk AS.

415 Fonds- og eigedomsstyret stilte seg bak forslag til ny driftsmodell for Ervingen
416 Kulturhus AS der ein legg vekt på auka omsetning og vidare utvikling av selskapet.

417 Fonds- og egedomsstyret gjekk inn for å utsetje fusjon av Ervingen Lagsbruk og
418 Ervingen Kulturhus inntil vidare.

419 Medlemmer i fond og egedomsstyret har dei siste 4 åra vorte valt inn i styret for
420 Ervingen Lagsbruk AS, som er morselskapet for forretningsdrifta. Det har gjeve oss
421 høve til å fylgje opp forretningsdrifta der. Tidlegare brukte ein møta i Fonds- og
422 egedomsstyret til dette.

423 Ervingen Lagsbruk AS har liten aktivitet utover å vere morselskap. I løpet av dei siste åra
424 er likvide middel i selskapet investert i fond og aksjar etter same profil som midlane
425 Fonds- og egedomsstyret rår over.

426 Styret for Ervingen Lagsbruk AS har på vårparten hatt mange samarbeidsmøte med
427 styret for Ervingen Kulturhus AS om ny driftsmodell for Ervingen kulturhus og om
428 fusjon av selskapa.

429 Det siste året har det vore drøftingar mellom laget og styret i Ervingen kulturhus om
430 korleis ein kan få auka inntening i kulturhusa. Ein har m.a. opna opp for at det kan
431 serverast/skjenkast alkohol ved arrangement i Gimle. Dette krev sletting av eit hefte frå
432 1915 på egedommen.

433 Styret for Ervingen kulturhus har tilsett ny dagleg leiar som fylgje av at Knut Malkenes
434 pensjonerte seg frå 1. oktober 2021. Styret har vidare endra litt på driftsmodellen for
435 kulturhuset, og fått på plass nye leigeavtaler med alle faste leigetakarar.

436 På haustparten starta arbeidet med å utbetre taket på Fensal. Mesteparten av kostnaden
437 vert finansiert gjennom låneopptak, men ein har også fått tilskot frå Kulturminnefondet.

438 12. Medlemstal

439 31.12.20:

440 Barn (under 14 år): 57
441 Ungdom (14-26 år): 22
442 Vaksne (over 26 år): 195
443 Til saman: 274

444

445 31.12.2021:

446 Barn (under 14 år): 59
447 Ungdom (14-26 år): 16
448 Vaksne (over 26 år): 177
449 Til saman: 252

450 13. Kontor og tilsette

451 I 2021 har Gro Vetås vore tilsett som dagleg leiar i 100% stilling. Rekneskapsbyrået
452 Primo Services AS har ført rekneskapen for laget.

453 På kontoret i Fensal har Hordaland Mållag og Bergen Kulturforum leigd kontorplassar
454 heile året. 2clean NKI AS har stått for reinhald av kontor- og møtelokalet i Fensal.

455 14. Heiderslagsfolk

456 Dagrunn Berntsen

457 Norvald Erstad

458 Kårmund Myklebost

459 15. Gåver, helsingar og minne

460 Gåve til instruktørar og spelmenn, blomehelsingar/ gåve til medlemar,
461 heiderslagsmedlemar, tillitsvalde og tilsette ved passande høve.

462 16. Oversikt over tillitsvalde

Lagsstyret

Leiar	Marit Kvamen
Medlem	Marianne Pedersen
Medlem	Dag Inge Bøe
Medlem	Renathe Nilsen
Medlem	Irene Bjørke
Varamedlem	Åshild Margrete Østtveit Odéen
Varamedlem	Inga Myhr
Varamedlem	Nina Blågestad

463

Rådet

Leiar	Borghild Opdahl
Medlem	Sverre Sundvor
Medlem	Eli Randmo
Medlem	Stig Indrebø

Medlem	Ingunn Skjelvan
Varamedlem	Hans Nyeggen
Varamedlem	Gunn Inger Sture

464

Fond- og eideomsstyret

Leiar	Arnvid Underlid
Medlem	Frode Myhra
Medlem	Bjørn Feltens
Medlem	Bente Kristin Humborstad
Medlem	Vegard Opheim

465

Folkedanslaget

Leiar	Marit Kvamen
Medlem	Stig Indrebø
Medlem	Gunn Inger Sture
Medlem	Sverre Sundvor
Medlem	Ingeborg Nilsen

466

467

Barnelaget

Leiar	Karin Møssler
Medlem	Yvonne Dahl
Medlem	Jorunn Espetvedt

468

Koret

Leiar	Dag Inge Bøe
Medlem	Julian Merlin Ertel
Medlem	Oda Strøm Oksholm
Vara	Selinn Sannes
Vara	Sigrid Vinje-Christensen

469

Jr.laget

Leiar	Mikko Mikkonen
Medlem	Marianne Rønnestad
Medlem	Vigdis Berg

470

Audhilds

Leiar	Marion Nordvik
Medlem	Marta Lindvik
Medlem	Else Bull Jenssen

Hyttenemnda

Leiar	Knut Malkenes
Medlem	Hans Nyeggen
Medlem	Stig Vaular

471

472

Ettersyn

	Torbjørn Haukås
	Steinulf Tungesvik
Vara	Halvor Røyset

473

Valnemnda

Leiar	Borghild Opdahl
Medlem	Solbjørg Eik
Medlem	Hans Nyeggen
Medlem	Torbjørn Haukås
Medlem	Frode Myhra

474

475

17. Lagsmøte, festar og eigne tilskipingar

Dato	Tilskiping	Omtale	Ansvarleg
06. feb	Hyttetur	Dagstur til hytta, med dansekurs, aking, leik og moro. Delt i	Barnelaget

		kohortar. Mykje uteaktivitet.	
17. feb	Årsmøte i Bule		Lagsstyret
14. mar	Sjokoladekappleik	Lokal sjokoladekappleik i Gimle. Delt i kohortar	Jr.laget
14. mar	Fløientur	Grill- og aketur. Dans, leik og moro på Fløien.	Barnelaget
03. mai	Digitalt rebusløp		Lagsstyret og rebusnemnda
06. mai	Hyttedugnad		Hyttenemnda
17. mai	Digital 17. mai-quiz		Lagsstyret
06. jun	Sommarkonsert	Konsert og pizza i Gimle.	Jr.laget
12. jun	Hyttedag / Sommaravslutting	Grilling, bading og hyttekos på Eidsholmen	Folkedanslaget og Audhilds
22.-23. jun	Sommarskule	om lag 30 barn og unge samla på Eidsholmen. Aktivitetar som folkedans, kveding, kanopadling, bading, natursti, grilling, disko osv	Lagstyret
12. jul	NU 125 års feiring	Grilling på hytta	Lagsstyret
28. aug	Oppstartskurs	Alle medlemene i Jr.laget samla til oppstart i Gimle	Jr.laget
17.-18. sep	Øvingshelg	Gimle	Koret
18.-19. sep	Hyttetur	Dansekurs med Maria Toppe, Silja Solvang og Johanne Mjøs. Delt i kohortar. Kanopadling,	Barnelaget,

		grilling, natursti, formingsaktivitetar	
28. sep	Samrådsmøte		Lagsstyret, særлага
22.-24. okt	NU-jubileumshelg	NU 125 år; feira me konsert med Lajla Storli, ulike kortkurs i spel og dans, samt dansekveld og familiefolkedans	Lagstyret
24. okt	Familiefolkedanskveld		Barnelaget, Jr.laget,
19.-20. nov	Øvingshelg	Gimle	Koret
20. nov	Dansefest	Dansefest for barnelaget, med inviterte frå onsdagsringen og måndagsringen	Barnelaget
22. nov	Konsert	Konsert i Fensal. Jr. laget saman med aspirantar. Pizza, saft og kake etter konserten.	Jr. laget
5. des	Julekonsert	«Tonar i julenatt» i Domkirken	Koret
6. des	Julelagsmøte	Delt i to kohortar med felles underhaldning midt mellom bolkanen. Graut, underhaldning frå særлага, åresal, medleslotteri.	Selsvikklubben og lagsstyret

477 18. Utsendingar, representasjon og samarbeid

478 Kven Veit?

479 I 2021 var Bergen ungdomslag Ervingen med i spørjetevlinga Kven Veit?, og fekk 3.

480 plass.

Dato	Tilskipping	Omtale	Kven
8. mars	1. runde Kven Veit?		Borghild, Marit, Tora, Inga, Line og Renathe
17. apr	Landsmøte FolkOrg	Digitalt	Marit Kvamen
24. apr	Landsmøte Noregs Ungdomslag	Digitalt	Marit Kvamen
24. mars	2. runde Kven Veit?		Borghild, Marit, Tora, Inga, Line og Renathe
22. apr	3. runde Kven Veit?		Borghild, Marit, Tora, Inga, Line og Renathe
19. jun	Framsyning	Framsyning på Aldringsfestivalen	Folkedanslaget
03. jul	Framsyning	Barnelaget hadde framsyning på BY-lørdag på Bryggen	Barnelaget
10. sep	Kulturnatt	Johanne Mjøl's og Fjellbekken spelte konsert og til dans.	Folkedanslaget
29. sep	Bunadseminar	Gimle. Bule var teknisk tilskipar. Møte om å få bunadsbruk på UNESCO-lista.	Lagstyret
8.-10. okt	Vestlandskappleik	Granvin	Einskildmedl. , gruppe frå Jr. laget
14. okt	Bygda dansar samling	Om lag 20 ungdommar deltok.	Lagstyret
29.-31. okt	UngOsa	Voss	Einskild deltakarar
5.-7. nov	Juniorsamling	Osterøy	Jr.laget, fele-aspirantar

481